



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 Bergen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/1745 - 17/21295

Saksbehandlar:

Eilin Houlison Molvik

EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:

17.07.2017

Oversending av søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen og pbl § 1-8 for uttale - gbnr 106/8 Fanebust

Saka gjeld søknad om etablering av terrasse med levegg og vingerhage på eigedom gbnr. 106/8. Samla flate for terrasse er på teikningar innsendt ved søknad opplyst til 45 m². Vinterhage har eit bruksareal opplyst til om lag 16 m². Grad av utnytting på eigedomen etter gjennomført tiltak er i søknad opplyst til 0,3 %BYA.

Det er i vedtak datert 22.02.17 i sak 14/2766 gjeve løyve til etablering av carport/garasje i tilknytning til fritidsbustaden det no er søkt om å føre opp terrasse og vinterhage til. Carport/Garasjen er synt på innsendt situasjonsplan datert 15.05.17.

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med plan- og bygningslova § 21-3. Det er ikkje komt merknadar til varsla tiltak.

Planstatus

Eigedomen er uregulert og ligg i område som i kommuneplanen sin arealdel for 2011-2023 (KPA) definert som LNF-føremål. Vidare ligg eigedomen og dei omsøkte tiltaka innanfor 100-metersbeltet langs strandsona.

Det er søkt om dispensasjon frå LNF-føremålet og plan- og bygningslova § 1-8 for å føre opp omsøkt tiltak.

Kommuneplanen har eigen bestemmelse med omsyn til avstandskrav til offengleg køyreveg, jf. § 1.6 er byggegrense mot F 400 sett til 15 meter. Det er i søknad opplyst at minste avstand frå omsøkt tiltak til midt offentleg veg er 22 meter. Tiltaket krev ikkje dispensasjon frå avstandskrav gjeve i veglova.

VURDERING

Kommunen si handsaming av saka vil i stor grad avhenge av dykkar uttale i saka. Det er frå før etablert fritidsbustad på eigedomen, samt godkjent etablering av garasje. Det er i KPA gjeve retningsline for etablering av mindre tiltak i område avsett til LNF-føremål, jf. KPA pkt. 5.6 og 5.7. Det omsøkte tiltaket er plassert mot nord i høve eksisterande fritidsbustad og bak garasje godkjent i sak 14/2266, dvs. at omsøkt tiltak er skjerma frå sjø.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Alle dokument i saka er tilgjengelg på følgjande lenke: http://innsyn.arkivsak_17/1745
Dokument med omsyn til godkjent garasje finn de her: http://innsyn.arkivsak_14/2766

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om løyve til tiltak uten ansvarsrett/dispensasjon LNF - gbnr 106/8 Fanebust
Kartutsnitt KPA gbnr 106_8
Kartutsnitt orthofoto 2015 gbnr 106_8

Kopi til:

Siv Monica Fanebust Miljeteig	Prestebrekka 30	5911	ALVERSUND
Siv Monica Fanebust Miljeteig	Prestebrekka 30	5911	ALVERSUND

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland Landbruksavdelinga Planavdelinga	Postboks 7310	5020	Bergen
---	---------------	------	--------